

Huldra kjem til Rød!

25.06.2007

Det skjer så mykje både høgt og lågt på Rød. I helga opna dei kai ved Bøkkerverkstaden og eit nytttt høgdepunkt blir den årvisse museumsdagen, som dette året er søndag 19. august. Då blir det atter eit mangfaldig liv i bygdetunet

Mykje spanande vil stå på programmet, men allereie nok kan Kristian Bringedal annonsera eit sensasjonelt besøk: Huldra kjem! Eller rettare: Det kjem to eksemplar av huldreslekta!

Men det er berre ved einskilde høve dei blir til huldrar. I det sivile liv er dei to kjend som Maria Malmsten og Magdalena From Gniste og den første er som ein vil forstå den alltid like sprudlande dirigenten for "Røysterett for alle".

Både ho og Magdalena opplyser at dei har gode kontaktar i den svenske huldreslekta der dei helst snakkar om vittran eller skogsrået. Dei lovar både aktuell huldreinformasjon, mystikk, dans og sang.

Duoen har hatt huldreprogram både her og der, framfor alt på Sunnhordland museum på Stord og på ettersommaren kjem dei altså til Rød og Uskedalen!

Og for alt vi veit er det kanskje ikkje første gongen huldra er å sjå på Rød??

Av Ola Matti Mathisen